

Protokoll frå føretaksmøte 31. januar 2012

Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

Sal av eigedom, val av nytt styre, fastsetting
av styregodtgjering



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Tysdag 31. januar 2012 kl 14.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Pilestredet 28, Oslo.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Sal av eigedom, jf lov om helseforetak § 31
- Sak 4 Val av nytt styre, jf lov om helseforetak § 21
- Sak 5 Fastsetting av styregodtgjering, jf lov om helseforetak § 21 tredje ledd

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen

Frå styret møte

Styreleiar Oddvard Nilsen
Ohene Aboagye
Gerd Dvergsdal
Kjartan Longva

Torill S. Nyborg
Tom Guldhav
Aslaug Husa
Lise Karin Strømme

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Eigardirektør Ivar Eriksen

Fagdirektør Bård-Christian Schem

Også til stades

Statssekretær Robin M. Kåss
Ekspedisjonssjef Frode Myrvold

Avdelingsdirektør Mette Bakkeli
Fagdirektør Bjørg L. Seim

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte ved Kristin Grimshei Madsen.



Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen ønske, som øvste eigarmyndigheit, velkommen. Ho spurte om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om det var merknader til dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Sal av eigedom jf lov om helseforetak § 31

Det vart vist til brev frå Helse Vest RHF av 28. november 2011 der føretaksmøtet ble bedt om å behandle spørsmål om sal av fast eigedom på bakgrunn av styret sitt vedtak 2. november 2011 i sak 121/11 B.

Saken gjaldt sal av eigedomen tidlegare Sauda sjukehus, tilhøyrande Helse Fonna HF.

Føretaksmøtet viste til at det er oppgitt at Sauda kommune i tråd med samhandlingsreforma, har lagt planar for utviding og omlegging av den kommunale helsetenesta og at Sauda kommune ønskjer å kjøpe eigedomen for å nytte den til m.a. sjukeheimsdrift. Føretaksmøtet ga si tilslutning til Helse Vest RHF si vurdering om sal til Sauda kommune i tråd med den framforhandla avtala.

Føretaksmøtet vedtok:

1. *Føretaksmøtet godkjenner, ut frå sak 121/11 B med tilhøyrande vedtak i styret for Helse Vest RHF, sal av eigedomen Sauda sjukehus gnr. 32 bnr. 404 i Sauda kommune.*
2. *Frigjorte midlar ved salet skal nyttast til nedbetaling av gjeld eller investeringar i varige verdiar.*
3. *Føretaksmøtet presiserer at ein ved vurdering av om resultatkravet i Helse Vest RHF er nådd, vil sjå til eingongseffektar som gevinst eller tap frå sal av eigedom.*
4. *Føretaksmøtet legg til grunn at salet vil inngå i departementet sine samla vurderingar av Helse Vest RHF sitt framtidige behov for langsiktige lån.*
5. *Føretaksmøtet viser til protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 28. januar 2011, sak 6 og minner om nødvendig dialog med og informasjon til aktuelle kommunar og fylkeskommunar om alle planlagde sal av eigedom.*



Sak 4 Val av styremedlemmer, jf lov om helseforetak § 21

Etter lov om helseforetak § 24 blir styremedlemmene valte for to år. Sitjande styremedlemmer ble valte i januar 2010. Styra i helseforetaka består av både styremedlemmer valte av eigar og styremedlemmer valte av dei tilsette. Styremedlemmene som er valte av eigar blir valte i samsvar med bestemmingane i lov om helseforetak § 21, tredje ledd. Det er frå 2006 stilt krav om at eit fleirtal av dei styremedlemmene som er valte av eigar skal veljast blant føreslåtte folkevalde. Fylkeskommunane og Sametinget har forslått folkevalde kandidatar til styra.

Helse- og omsorgsministeren gjorde greie for prosessen som er gjennomført og eigar sitt forslag til nytt styre. Helseforetaka forvaltar viktige samfunnsoppgåver og store ressursar på vegne av fellesskapet og er store verksemdar i det norske samfunnet. Det er viktig at styremedlemmene har kompetanse som reflekterer oppgåvene styret har og dei utfordringane dei regionale helseforetaka står overfor. Styremedlemmene skal som styremedlem ikkje representere geografiske område, parti eller andre interesser. Det er viktig at styret samla sett representerer eit mangfald og ei bredde dekkjer heile regionen.

Styret som kollegium og styremedlemmene er bundne av reglane om habilitet i forvaltningslova kapittel 2. Styremedlemmer som er av den oppfatninga at dei kan vere inhabile skal gjere styret merksam på dette. Styret tek avgjerda utan at den aktuelle styremedlemmen deltek i avgjerda.

Føretaksmøtet vedtok:

Frå i dag og fram til det vert halde føretaksmøte i januar 2014 blir følgjande personar valte av eigar til medlemmer i styret for Helse Vest RHF:

*Oddvard Nilsen
Aud Berit Alsaker Haynes
Ohene Aboagye
Gunnar Berge
Gerd Dvergsdal
Olin Johanne Henden
Kjartan Longva
Torill S. Nyborg
Sveinung Stensland*

*Føretaksmøtet vel Oddvard Nilsen som styreleiar og Aud Berit Alsaker Haynes som nestleiar.
Føretaksmøtet minner om at styret som kollegialt organ og styremedlemmene er bundne av reglane om habilitet i forvaltningslova kapittel 2.*



Sak 5 Fastsetting av styregodtgjering, jf lov om helseforetak § 21 tredje ledd

Det vart gjort greie for forslag til fastsetting av styregodtgjering for styremedlemmer og varamedlemmer.

Føretaksmøtet vedtok:

Styregodtgjering for styremedlemmer i Helse Vest RHF vert fastsett til:

Styreleiar kr 226 000

Nestleiar kr 151 000


Styremedlemmer kr 110 000

Varamedlemmer (for ansattevalde styremedlemmer) får ei godtgjering på kr 4 200 pr møte.


Praksisen med at det ikkje skal gis økonomisk kompensasjon eller dekning av kostnader utover fastsett styregodtgjering, blir vidareført.

Møtet vart heva kl. 14.15.

Oslo, 31. januar 2012



Anne-Grete Strøm-Erichsen



Oddvard Nilsen